



TIL FORELDRE OG FØRESETTE GODE RÅD OM SJUKE BORN I SKULE OG BARNEHAGE

**DERSOM BORNET ER SJUK OG TRENG
TILSYN/VURDERING AV LEGE, MÅ
FØRESETTE KONTAKTE LEGEKONTORET
TLF. 57 84 52 30**

Elevar og føresette må gjerne ta kontakt
med helsestasjonen ved behov,
ring sentralbordet tlf. 57 84 50 00
eller besøk heimesida

<https://vagsoy.kommune.no/>



Informasjonsbrosjyre frå helsestasjonen i Vågsøy

Sjukdom	Vanlege symptom	Forholdsreglar
Augebetennelse	Svie, kløe, gulgrønt puss frå auget. Raude auger. Oftast virus som går over av seg sjølv ved forkjøling.	Obs! handhygiene. Almenntilstand avgjer. Ved kraftig augebetennelse kan ein gå tilbake til skule/bhg etter oppstart av behandling.
Brennkoppar	Sår med gult sekret, ofte rundt nase eller hender, sprer seg gjerne deretter til andre sår på kroppen.	Obs! handhygiene. Ved små brennkoppar kan ein vere på skule/bhg med godt dekkja sår. Ved meir utbredte, væskande sår, bør ein vere heime til såra er tørre.
Bronkitt Lungebetennelse	Hoste. Feber.	Almenntilstand avgjer.
Diaré og oppkast	Laus avføring, oppkast, magesmerter. Kan få feber.	Obs! handhygiene. Skal ikkje tilbake til skule/bhg før 2 døgn (48 timar) etter symptomfri. Det gjeld òg bleieborn.
Feber	Normal temperatur kan variere. Meir enn 37,5 ° morgon og 38 ° kveld er forhøga temperatur.	Born med feber bør først og fremst av omsyn til seg sjølv vere heime til dei er feberfri.
Flått	Flåtten sit ofte i knehase, lyske, bak øyrer og under armhole. Fjern den så fort som mogleg - helst innan 24 t, då er faren for borrelia-smitte liten.	Undersøk borna for flått når ein har vore på tur. Kontakt lege om du får raudt utslett som brer seg rundt flåttbetet i løpet av 3 dagar til 4 veker etter flåttbetet, eller ved feber, hovne lymfekjertlar eller generell sjukdomskjensle.
Forkjøling Influensa	Snørr, hoste, feber, Muskelverk	Almenntilstand avgjer.
Halsbetennelse	Feber, vondt å svelge.	Almenntilstand avgjer. Skuldast betennelsen streptokokkar, kan ein gå på skule/bhg 1 døgn etter oppstart av behandling.

Sjukdom	Vanlege symptom	Forholdsreglar
Hand-fot-munnsjuka	Blemmer på hender, føter og inni munnhole. Lett feber, smerter i hals.	Almenntilstand avgjer. Størst smittefare ved utbrudd Ingen behandling.
Hovudlus	Kløe oppstår etter om lag 3 veker, ein kan sjå lus/egg utan lupe.	Treng ikkje sende bornet heim når det vert oppdaga. Bør få kur så raskt som mogleg og varsle skule/bhg slik at føresette kan undersøke andre born.
Kikhoste	Gøyande hoste, spesielt om natta. Feber.	Kan vende tilbake til skule/bhg 5 dagar etter oppstart av behandling.
Mark	Kløe i endetarmen. Kan oppdage levande mark i avføringa som kvite trådar.	Kan starte i skule/bhg etter igangsett behandling. Obs! handhygiene - kan ha egg frå mark på hendene og smitte andre.
Ringorm	Sirkelforma utslett, lyst i midten, rosa rundt.	Kan starte i skule/bhg etter igangsett behandling.
Vannkoppar	Væskefylte blemmer, feber. Kløe.	Kan starte i skule/bhg når utslettet er begynt å tørke inn.
Skarlagensfeber	Feber, vondt i halsen, raudt utslett på kroppen, hudavflassing på hender og føter.	Antibiotikabehandling i minst 1 døgn før ein kan gå i skule/bhg. Etter det avgjer almenntilstand.
Skabb	Hudkløe, småkulete utslett. Kan sjå gangar i huda skabben har laga (med lupe).	Kan vende tilbake etter oppstart av behandling.
Urinvegsinfeksjon	Hyppig vannlating, svie. Stram urinlukt. Feber etter litt tid.	Almenntilstand avgjer. Gje rikeleg drikke.
Øyrebetennelse	Øyreverk, feber.	Almenntilstand avgjer.

God handhygiene er med på å hindre smittespreiing. Vask hender ofte, alltid handvask etter toalettbesøk og før mat. Unngå å hoste og nyse på kvarandre.

Ved munnsår, loppebet, vorter og molluskar treng ein ikkje vere heime. Sjukdommane smittar i stor grad før symptom oppstår, eller smitterisiko er svært liten. Ved behandling kan ein spørre apoteket om hjelp.

Folkehelseinstituttet har til einkvar tid oppdatert informasjon om ulike sjukdomar. Gå inn på sida www.fhi.no